



I 2007 då dette biletet vart teke, var Helgheim også inne i ein omfattande restaurering. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Gjennom åra er det lagt ned utruleg mange dugnadstimar på Helgheim og no kjem ei ny økt: Kjøkenet skal rustas opp og det er søkt om spelemidlar. Prosjektet skal gjennomførast i andre halvår i år, går det fram av søknaden.

Styremedlem Håvard S. Eik opplysar at det ikkje er gjort noko med kjøkenet sidan 100-årsjubileet i 1988 og at det no tek til å verta heller nedslite. Difor må noko gjerast og styret har difor bestemt at det skal takast eit tak.

Ein kalkyle for prosjektet sluttar på 460.000 kroner. Søknadssummen med omsyn til spelemidlar er 140.000 og laget kalkulerer med ein eigenkapital på 50.000

I kommunalt tilskudd reknar dei med 70.000 og lånesummen er ført opp med 100.000.

I dugnadsinnsats er det også rekna med 100.000 kroner.

Av Ola Matti Mathisen